



Bergen, 26. mai 2020

TV-AKSJONEN NRK WWF 2020 – Oppmoding til bidrag

Fyrst og fremst ønskjer eg å takka Lindås, Radøy og Meland kommune for støtta til TV-aksjonen NRK i fjor. Samarbeidet har ein lang tradisjon, og er avgjerande for mobiliseringa av bøsseberarar på aksjonsdagen. Over 96 prosent av kommunane og fylka i Noreg støtta TV-aksjonen i fjor. Eg håper at Alver kommune vil òg i år gje eit pengebidrag til TV-aksjonen.

TV-aksjonen NRK 2020 går til arbeid WWF gjer for å kjempa mot plast i havet. Aksjonsdagen er 18. oktober.

Kvart år hamnar åtte millionar tonn plast i havet. Plasten trugar ikkje berre dyrelivet, men òg oss. Med konkrete tiltak, skal årets TV-aksjon ta plastproblemet ved rota. Me skal redusera plastutslappa og ta vare på verdshava.

Med midlar frå TV-aksjonen startar me der problemet er størst: Ein tredel av plasten i havet kjem frå Sørøst-Asia. Difor er TV-aksjonsmidlane øymerka tiltak i Indonesia, Vietnam, Filippinene og Thailand. Målet i år er å etablere og forbetra eksisterande avfallssystem for meir enn 900 000 menneske.

Slik bidreg de enkelt:

For å synleggjera det breie engasjementet frå alle kommunane i landet, blir alle bidraga registrert på **giverstafett.no** frå 1. august. Når bidraget er registrert blir faktura sendt med ein gong på e-post. Det går òg an å lasta ned faktura som PDF etter at bidraget er registrert. Om du ikkje får faktura på e-post med ein gong, ber me om at de tek kontakt med fylkesaksjonsleiar som kan hjelpa dykk.

Registrerte og innbetalte beløp blir ein del av statistikken for dykkar kommune på aksjonsdagen.

Ta kontakt med fylkesaksjonsleiar om du har nokre spørsmål.

Kontaktinformasjon fylkesaksjonsleiar, Marthe Jansen: 94 11 11 01 telefon, vestland@tvaksjonen.no

Med venleg helsing

Marthe Jansen,

Fylkesaksjonsleiar TV-aksjonen NRK, Vestland